



## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
078/14	Formannskapet	16.10.2014
050/14	Kommunestyret	06.11.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Ottar Wiik	K1 - 143	12/1113

### Revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2013 - 2024 - Område G17 og G18 i Feios

#### Kort samandrag

Kommunestyret vedtok revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune i møte 26.6.2014.

med unnatak av to mindre område i Feios: G17 og G18.

Kommunestyret sitt forslag til endra arealbruk for G17 og G18 har vore på høyring og offentleg ettersyn. 3 merknader er registrerte.

Rådmannen si tilråding i saksutgreiing til sak 30/14 står ved lag.

Kommunestyret har i medhald av Plan- og bygningslova §11-15 mynde til å gjera endeleg vedtak om arealbruk . Vedtaket kan ikkje påklagast.

#### Rådmannen si tilråding

Arealbruk i områda G17 og G18 skal vera *grønstruktur/friområde* i samsvar med høyringsframlegg av 1.3.2014.

Område G17 skal reduserast i storleik med ca 2 daa i høve til høyringsforslaget. Grense for friområdet skal dragast nærare sjøen, slik at bandlagt dyrka mark vert avgrensa til ca. 2,5 daa. For området G18 skal det i samband med reguleringsplan vurderast om grense for friområdet kan dragast lenger frå tunet på eigedomen 160/8, utan at verdien av friområdet vert vesentleg forringa.

#### Formannskapet - 078/14

Plansjef Ottar Wiik deltok under handsaminga av saka.

Werner Madsgård sette fram fylgjande framlegg til vedtak:

Område G17, som i rådmannen sitt framlegg er sett av til grønstruktur/friområde, blir teke ut av planen og arealet blir vist som LNF-område i samsvar med forslaget som har lege ute på høyring i august / september 2014.

Område G18, som i rådmannen sitt framlegg er sett av til grønstruktur/friområde, blir teke ut av planen og arealet blir vist som LNF-område med vegsamband mellom Rinde bustadfelt og nytt bustadområde B9 i samsvar med forslaget som har lege ute på høyring i august / september 2014.

Ved avrøysting fekk Madsgård sitt framlegg 3 røyster (Werner Madsgård (Ap), Morten Midlang (H) og Morten Holmberg (V)).

2 røysta for rådmannen sitt framlegg (Marta F. Halset (Ap) og Olav Turvoll (Sp))

### **FS - vedtak:**

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Område G17, som i rådmannen sitt framlegg er sett av til grønstruktur/friområde, blir teke ut av planen og arealet blir vist som LNF-område i samsvar med forslaget som har lege ute til offentleg ettersyn i august / september 2014.

Område G18, som i rådmannen sitt framlegg er sett av til grønstruktur/friområde, blir teke ut av planen og arealet blir vist som LNF-område med vegsamband mellom Rinde bustadfelt og nytt bustadområde B9 i samsvar med forslaget som har lege ute til offentleg ettersyn i august / september 2014.

Vedteke med 3 mot 2 røyster.

### **Kommunestyret - 050/14**

Monica Feidje Midlang (Ap) sette fram forslag om at arealbruk for G17 skal vera grønstruktur / friområde, i samsvar med rådmannen sitt framlegg med nokre tillegg.

Ved avrøysting vart det røysta særskilt for kvart av områda.

For område G 18 vart formannskapet sitt framlegg vedteke samrøystes.

For område G 17 vart rådmannen sitt framlegg med tillegg frå Monica Feidje Midlang Ap vedteke mot to røyster (Morten Midlang og Leidulv Finden begge Høgre) som røysta for formannskapet sitt fleirtalsframlegg.

### **KS - vedtak:**

Område G18, som i rådmannen sitt framlegg er sett av til grønstruktur/friområde, blir teke ut av planen og arealet blir vist som LNF-område med vegsamband mellom Rinde bustadfelt og nytt bustadområde B9 i samsvar med forslaget som har lege ute til offentleg ettersyn i august / september 2014.

Samrøystes.

Arealbruk i område G17 skal vera *grønstruktur/friområde* i samsvar med høyringsframlegg av 1.3.2014. Området skal reduserast i storleik med ca 2 daa i høve til høyringsforslaget.

Grense for friområdet skal dragast nærare sjøen, slik at bandlagt dyrka mark vert avgrensa til ca. 2,5 daa. Ser ein ved reguleringsplanarbeidet at ein klarar seg med mindre enn 2,5 da, skal det reduserast ytterlegare. Det skal ikkje setjast i gang tiltak på området dei første 4 åra.

Vedteke mot to røyster som røysta for formannskapet sitt fleirtalsframlegg.

### **Vedlegg**

01 Høyring G17 og G18. Utleggingsdok

02 Møtebok KS 030-14. red. utdrag

03 Saksutgreiing sak 030-14. Utdrag

04 Kart Feios 1 12.08.14

05 Kart Feios 2 12.08.14

06 Merknader etter høyring haust 14

Innspel til formannskapet og kommunestyret si behandling av kommunedelplan for Vik Kommune - del G 17

Innspel til kommunestyremøte 06.11.14

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

Plan- og bygningslova.

## **Saksopplysningar**

Kommunestyret vedtok revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune i møte 26.6.2014, sak 30/14.

Vedtaket omfattar alt areal i kommunen med unntak av to mindre område i Feios: G17 og G18

Kommunestyret sitt vedtak inneber forslag om endra arealbruk i desse områda i høve til planforslag som var lagt ut til offentleg ettersyn. Endringa inneber at områda G17 og G18 med samla areal ca 12,5 daa ikkje vert viste som *grønstruktur/offentleg friområde*, men som *landbruksareal* som i dag.

Endeleg planvedtak for desse områda kan berre gjerast etter eiga høyring.

Høyring vart kunngjort med annonse i Sogn Avis 16.8.14, brev til aktuelle partar og høyringsinstansar datert 13.8.2014, og på Vik Kommune si heimeside .

Høyringsdokument vart i tillegg lagt ut på Feios skule og på kommunehuset i Vik.

Innan fastsett frist vart det registrert 3 merknader.

Innkome merknader og aktuelle høyringsdokument fylgjer som vedlegg.

Sjå og saksdokument til sak KS 30/14, for utfyllande informasjon.

## **Økonomiske konsekvensar**

Ingen

## **Merknader. Vurdering.**

Berre hovudtrekk i merknader, og moment som er relevante for denne saka er attgjevne og omtalte nedanfor. Kommenterar og vurdering frå Rådmannen ( R) er vist i kursiv.

### 1 Tordis og Malvin Hove. Eigar 159/5

Dei meiner vedtak om høyring syner at kommunestyret er samd med dei om at arealet på G17 ikkje trengst til friområde, og heller bør nyttast til frukt- og bær dyrking.

Dei viser elles til tidlegare innsend merknad .

*Merknaden inneber ingen vesentlege nye moment i saka.*

### 2 Jan-Magne Rinde, Oslo. JMR

Hovudmoment i merknaden:

- Tidlegare utbygging og planar for vidare utbygging i strandsona vest for G17 medfører press på attverande strandsona.

- Viktig å ivareta allemannsretten til ferdsel i strandsona vestover frå skulen.

- Den freda gravrøysa på G17 « bør få status som ein viktig informasjonsarena for kulturformidling»

Matjord bør ikkje bandleggjast til bustadtomter.

*Innspel om ferdsel i strandsona og status for gravrøys er ivareteke i stor grad i opprinneleg forslag om friområde, og i Rådmannen sitt framlegg til vedtak i sak 30/14*

### 3 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane FM

FM peikar på motstridande omsyn :

Omsyn til jordvern og vidareføring av hagebruk, sett opp mot born og unge sine interesser og ynskje om å gjera Feios attraktiv for framtidig busetting.

Dersom kommunen let G17 liggja som friområde, rår FM til å dra grensa for friområdet nedanfor det dyrka området.

FM har ingen klar tilråding for G18.

*Merknaden inneber ingen motsegn og ingen vesentlege nye moment i saka.*

*R si tilråding i sak 30/14 imøtekjem langt på veg FM si tilråding om å spara dyrka mark.*

#### **Samla vurdering.**

Etter R si vurdering har det ikkje komme fram nye vesentlege moment i høyringsrunden som endrar grunnlaget for R sine vurderingar i saksutgreiing til sak 30/14 (utdrag):

Om G17:

*For å sikra skulen utviklingsrom som oppvekstsenter og lokalt senter for kultur og fritidsaktivitetar i Feios er det avgjerande å sikra tilgang til attraktive og eigna friareal i nærområdet. Den sjønære delen av 159/5 kan gje dette utviklingsrommet.*

*R er samd i at ein bør unngå å bandleggja meir dyrka jord enn det som er naudsynt, og meiner det er forsvarleg å redusera arealet på friområdet ved at om lag 2 da dyrka mark i sør vert trekt ut.*

*Bandlegging av dyrka jord vert då avgrensa til om lag 2,5 daa, eller under 1/7 del av bruket sitt dyrka areal.*

Om G18:

*Om lag 3 daa av 160/8 er forutsett omdisponert, av dette ca 2,5 da til friområde mellom tunet og kyrkja. Friområdet er viktig som felles friområde for, og sambinding av eksisterande og nytt bustadområde, og for kyrkja.*

*Rådmannen meiner ei justering av sørgrense for friområdet kan vurderast i samband med reguleringsplan, med sikte på å imøtekoma ynske frå eigar om større avstand mellom tunet og friområdet.*

Det er ikkje registrert motsegn frå nokon instans med motsegnsmende.

Kommunestyret har då mynde til å gjera endeleg vedtak om arealbruk i område G17 og G18 i tråd med dei planforslag som har vore på høyring våren og hausten 2014 .

Kommunestyret sitt vedtak er endeleg, og kan ikkje påklagast.